



Fylkesmannen i Sør-Trøndelag

Postboks 4710 Sluppen, 7468 Trondheim
Sentralbord: 73 19 90 00, Telefaks: 73 19 91 01
Besøksadresse: E. C. Dahls g. 10

Saksbehandler
Anne Solstad
Landbruk og bygdeutvikling

Innvalgstelefon
73 19 92 65

Vår dato
12.09.2017
Deres dato

Vår ref. (bes oppgitt ved svar)
2017/880-512.0
Deres ref.

Adresseliste
IPT-tilbydarar og
andre interesserte



Invitasjon til nettverkssamling Inn på tunet med tema "Gården som pedagogisk ressurs" og gardsbesøk

Vi inviterer tilbydarar av Inn på tunet-tenester og andre velferdstenester på gard i Midt-Norge samt andre interesserte til nettverkssamling **3.-5. november**.

Denne gongen blir samlinga to-delt ved at Grønt kompetansesenter på Skjetlein i samarbeid med Inn på tunet Midt-Norge har regien av den første delen mens det er Inn på tunet Midt-Norge som har regien for andre del. Dette vil gå fram av dei to programma.

Samlinga er denne gongen lagt til Austkil gjestegård og konferansesenter <http://austkil.no/index.html>. Austkil finn du i Hegra ved E14 omlaga 20 km aust for Stjørdal sentrum.



Austkil er ein av opphavsgardane til Kilgrenda i Hegra. Kil blir nemnt alt på 1200-talet. Det har på garden vore drivi allsidig husdyrproduksjon fram til 1960-talet og etter det spesialisert svineproduksjon fram til 2003. Garden vart på midten av 1990-talet bygd ut for å ta i mot laksefiskarar og gradvis gjort om for å ta i mot gjester. Det er nylig gjennomgått ei større utbygging til gjestegard og konferansesenter.

Arrangør er nettverket Inn på tunet Midt-Norge i samarbeid med Grønt kompetansesenter og Fylkesmannen i Sør-Trøndelag. Samlinga er open for både medlemmar og ikkje-medlemmar av Inn på tunet Midt-Norge.

Hovudtemaet for samlinga er garden som pedagogisk ressurs. Den første delen av samlinga er som eit komprimert forkurs. Det vil likevel vere god overføringsverdi til dei av dykk som driv andre tilbod og som ikkje er retta mot skule. Det vil i siste del av samlinga bli gardsbesøk med informasjon og omvising.

Så gå ikkje glipp av denne samlinga og fagleg påfyll i tillegg til eit sosialt fellesskap! [Ta med uteklede!](#)

Første del av programmet omhandlar «Gården som pedagogisk ressurs»

Fredag 3. november kl 09.30 starter samlinga opp.

Avslutning på del ein av samlinga er på **laurdag 4. november** kl 17.

Sjå eige program som er vedlagt.

Program Inn på tunet sin eigen del av nettverkssamlinga:

Laurdag 4. november

Kurset «Gården som pedagogisk ressurs» er over og middag står for tur.

19.30

Mord til middag

<http://mordtilmiddag.no/>

Som Austkil skriv det sjølv så er dette eit hysterisk morosamt middags-konsept der en del av gjestene inntar roller som er ganske forskjellig frå kvardagen elles. Det heile i ramma av eit utsøkt måltid.

Sundag 5. november – ta med uteklede!

08.00-09.00

Frukost

09.00-09.15

Utsjekking

09.15

Avreise for gardsbesøk, samver og erfaringsutveksling

10.00

Kindseth gård i Stjørdal v/Toril Bakken Wandsvik

Orientering og omvising



http://www.kindseth.no/index.php?option=com_content&view=category&layout=blog&id=53&Itemid=62

Kindseth gard har drivi Inn på tunet sidan 2004 med eit nært samarbeid med fleire sentrumsskular i Stjørdal. Dette er eit tilbod til enkeltelevar, grupper og klassar der delar av undervisninga blir flytta til garden.

10.45

Avreise frå Kindseth

11.00

FantasiGården i Lånke<http://fantasigarden.no/>

Aktivitets- og velværegard med idylliske lokalar i landleg idyll for alle typar arrangement. Da nye eigarar, Monica og Stero, overtok garden Øvre Geving gard på Hell i 2011 vart russhtrafikk og bylarm i Trondheim bytta ut med eng og åker, høner og hestar på Hell. Dei har mange planar for garden og har kome godt i gang.

**Orientering frå Stjørdal kommune**

Vi møter her representantar frå Stjørdal kommune og kjøpargruppa som fortel om sine erfaringar med bruk av IPT-gardar både i oppvekst og omsorg.

12.00

Orientering om samarbeidet «Route 26» i Stjørdal.<http://www.route26.no/>

Route 26 omfattar 11 gardar langs fylkesveg 26 på sørsida av Stjørdalselva. Dei tilbyr aktivitetar for heile familien. Det dreier seg om kunst, interiør, mat, dyr, garn, landleg idyll og mykje meir. Dette samarbeidet har erfaringar som kan ha overføringsverdi for nettverket Inn på tunet Midt-Norge og enkeltbrukarane som driv IPT.

13.00

Lunsj

Heimreise

Det er ikkje alt for mange rom på Austkil så her er det førstemann til mølla. **Påmeldingsfrist er 6. oktober.** De kan melde dykk på hos www.fylkesmannen.no/st Kurs og konferanse. **Påmeldinga er bindande.**

Kostnad for å delta:

Pris for **første del** av samlinga er kr 1.500 pr. deltakar.

For **andre del** av samlinga vil det vere gratis for medlemmar og kr 750 for ikkje-medlemmar av Inn på tunt Midt-Norge.

I denne prisen får du eit godt fagprogram, måltider og overnatting i tillegg til eit sosialt fellesskap. Reiseutgifter må kostast av den enkelte.

Ved spørsmål og/eller om du ønskjer å bli medlem - ta kontakt med:
IPT MN: Inger Moe – 92 61 68 88 el. inger@moegaard.no
FM i ST: Anne Solstad – 73 19 92 65 el. fmstaso@fylkesmannen.no

Velkomen!

Med helsing

Styret for Inn på tunet Midt-Norge

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

1 vedlegg: Program for første del av samlinga

Kopi:			
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	v/fylkeskontakt IPT, Fylkeshuset	6404	MOLDE
Kommunane i Sør-Trøndelag	Alle etatar		
Fylkesmannen i Nord-Trøndelag	v/fylkeskontakt IPT Postboks 2600	7734	STEINKJER